



Bergen, 16.09.05
Sak nr. 05/2315

Utdannings- og forskningsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

FRAMLEGG TIL NY SAMS FORSKRIFT OM OPPTAK TIL UNIVERSITET OG HØGSKOLAR – HØRING

Vi viser til Dykkar brev av 30.06.05, som vi mottok her 08.08.05. Universitetet i Bergen har dette synet på framlegget:

Generelt er vi glade for den forenklinga som ligg i at fleire forskrifter vert slegne saman til ei. Vi meiner likevel det ligg til rette også for ein del forenklingar og endringar i dei materielle reglane i høve til høringsutkastet, særleg når det gjeld rangering. I tillegg har vi nokre merknader som gjeld kapitlet om politiattest.

Rangering; realfagspoeng

Departementet skisserer to alternativ for realfagspoeng, der forskjellen er kor stor utteljinga søkjarane skal få for dei to VKII-emne 3MX og 3FY. Generelt er det vår meining at realfagspoenga bør brukast for å oppfylle desse formåla:

- Elevane bør få klare signal om at det løner seg å ta tunge realfag, jamvel om dei er svært arbeidskrevjande.
- Utteljinga bør vere størst for dei faga som har flest veketimar.
- Ein bør gi flest poeng for dei faga som det er aller viktigast å styrke rekrutteringa til.

Vi ønskjer primært at realfagspoenga skal vere slik:

- 0,5 poeng for VK1-emne
- 1,0 poeng for 3BI og 3KJ
- 1,5 poeng for 3MX og 3FY

For vårt vedkommande trur vi dette vil sikre den beste rekrutteringa til dei "harde realfaga" og til teknologiprogramma.

Dersom departementet ikkje finn grunnlag for ei slik løysing, vil vi rå til at ein vel alternativ 1 i utkastet, dvs. 0,5 realfagspoeng for alle VK1-emne og 1,0 poeng for VK2-emne. Vi ser det som viktig at full fordjuping i realfag gir god uttelling.

Dersom ein allikevel skulle velje alternativ 2 i utkastet, dvs. at berre 3MX og 3FY gir høgere uttelling, vil vi foreslå at poenga vert auka frå 1,0 til 1,5.

Rangering; tilleggspoeng for profesjonsutdanning i medisin

Generelt vil vi vise til at det er sams opptakskrav til utdanningane i medisin, odontologi, farmasi og ernæring. Vi meiner derfor at rangeringsreglane også bør vere like. Vi viser i denne samanhengen til at mange søkjarar til helseprofesjonsfag søker til fleire ulike utdanningar. Så vel informasjonen til søkjarane som sakshandsaminga undervegs vil bli lettare om reglane er så like som mogleg. Det vil og kunne hindre ein del tunge og arbeidskrevjande klagesaker.

Dei mest problematiske reglane som gjeld medisin og tilleggspoeng er § 7-19B, pkt. (7) og (8).

Ikkje tilleggspoeng for avbroten profesjons- og yrkesutdanning

Dette gjeld pkt. (7). Regelen er problematisk, fordi det kan vere vanskeleg å avgjere kva for emne innan høgere utdanning som er ein del av ei profesjons- eller yrkesutdanning. Dette har vorte endå vanskelegare etter kvalitetsreforma, med større modulisering og "fellesbruk" av emne. Regelen gir dårleg rettleiing til søkjarane og skaper mykje arbeid for opptaksorgana. Den bør gå ut. Subsidiært bør det presiserast at den berre gjeld for helseutdanningar som fører fram til autorisasjon.

Tilleggspoeng for relevant arbeidspraksis

Grunngjevinga for denne regelen er god, fordi arbeidspraksis der ein har hatt direkte pasientkontakt har ein verdi for medisinutdanninga. Regelen er likevel vanskeleg å handheve, særleg for søkjarar som ikkje har eit fagbrev i eit helsefag. Såleis er t.d. attestar frå arbeidsgjevarar ofte utforma slik at det kan vere vanskeleg å avgjere om arbeidet kan gi tilleggspoeng. Dermed kan det bli tilfeldig kven som får tilleggspoeng og kven som ikkje får det. Regelen bør gå ut.

Politiattest

Vi har merka oss at ein i kapitel 6 ikkje har inkludert helsefagsutdanningar mellom dei utdanningane der det vert kravd politiattest ved opptak, ev. at det kan krevjast ny attest i løpet av utdanningane. Vi er og kjende med at Helse- og omsorgsdepartementet har til høring eit utkast om krav til politiattest for helse- og sosialpersonell, med høringsfrist 23.11. Dette kan få betydning for våre utdanningar.

Vi vil ikkje komme med eit konkret framlegg her, men vi vil peike på at helsepersonell i stor grad kjem i kontakt med personar – både barn og vaksne – som av ulike grunnar er svært sårbare. Dette stiller store krav til dei som skal utøve yrket. Det er sjølvsagt ein del forskjellar mellom t.d. ein psykologstudent og ein autorisert klinisk psykolog,

m.a. fordi studenten i sin praksis er under tilsyn av autorisert personell, og fordi det ikkje er gjeve at ein fullført helseutdanning vil føre studenten ut i eit arbeid som gir han eller henne ei stor grad av direkte pasientkontakt.

Vi meiner likevel at det kan vere grunn til ei brei, prinsipiell drøfting av desse spørsmåla, herunder om fleire utdanningar, ev. også fleire lovbrøt, bør komme inn under reglane om politiattest. Også spørsmålet om reglar for å stenge ute studentar som er uskikka bør drøftast på ny. Etter den interne høringa i samband med Helse- og omsorgsdepartementet sitt framlegg vil vi vurdere om det er grunnlag for å ta saka opp på ny. I så fall vil vi kontakte Dykkar departement igjen.

Andre spørsmål

Opptaksåret

Vi har merka oss departementets tolking av § 2-1, dvs. om kva tid ein må ha fylt 23 år for å komme i betraktning etter 23/5-regelen. Vi er glade for avklaringa, men vil be departementet vurdere om det skal seiast uttrykkeleg i forskrifta at ein må ha fylt 23 år seinast 31. desember i det året ein søker.

Kjønnsbalanse

Vi har merka oss regelen i § 7-17 om at det er høve til til å gi tilleggsponng til søkjarar av det underrepresenterte kjønnet. Dette må bestemast av departementet. For vårt vedkommande vil ein slik regel få liten verknad. I dei fleste faga der det er dårleg kjønnsbalanse er problemet helst å trekkje til seg fleire søkjarar av det underrepresenterte kjønnet. Den utdanninga der kjønnsbalanseproblemet er særleg tydeleg hos oss, er psykologutdanninga, som ikkje vert direkte berørt av forskrifta som denne saka gjeld, fordi det ikkje er ei grunnutdanning. Vi vil likevel nytte høvet til å peike på nokre særreigne tilhøve som gjeld psykologutdanninga:

- Det er stor overvekt av kvinner mellom studentane og i dei yngste segmenta av yrkesutøvarane (om lag 70%). Mellom alle yrkesutøvarane er ovevekta av kvinner mindre, men dette vil endre seg nokså raskt, fordi den relative andelen av menn er størst mellom dei eldste.
- Det er svært mange kvalifiserte søkjarar av begge kjønn.

I denne situasjonen er det vårt syn at ei ordning med tilleggsponng for det underrepresenterte kjønnet antakeleg vil treffe noko for tilfeldig, og at det kan vere grunn til å vurdere andre tiltak. Vi vil eventuelt komme tilbake til saka seinare.

Økonomiutdanning

Vi registrerer at § 4-1, 3. ledd, bokstav e), ikke har fått en slik utforming at den omfatter den integrerte masterutdanningen i samfunnsøkonomi som tilbys her (en tilsvarende utdanning gis ved UiO). Vi vil vise til vårt brev frå januar i år, der vi presenterte denne saka grundig. Vi vil igjen be om at det vert innført eit spesielt opptakskrav i matematikk her. Vi er kjende med, og samde i, departementets målsetjing om at opptaks- og rangeringsreglar bør forenklast og ikkje gjerast endå meir uoversiktlege enn i dag. Vi

har likevel vanskeleg for å sjå avgjerande forskjeller mellom dette økonomistudiet og andre økonomistudium der det i dag gjeld spesielle opptakskrav om matematikk.

Sverre Spildo
ass. universitetsdirektør

Per Gunnar Hillesøy
seniorkonsulent

Kopi:
Utdanningsavdelinga
Det matematisk-naturvitskaplege fakultet
Det medisinske fakultet

dirb0396pgh_opptforsk